

Nærings- og Fiskeridepartementet  
[postmottak@nfd.dep.no](mailto:postmottak@nfd.dep.no)

Direktoratet for Mineralforvaltning  
[post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

Oslo 13.03.2019

### Innsyn i søknad om driftskonsesjon frå Nordic Mining AS i Engebø:

1. Klage på vesentleg avslag i innsyn med grunnlag i offentleglova
2. Krav om utlevering av miljøinformasjon med grunnlag i miljøinformasjonslova

#### 1. Klage på vesentleg avslag i innsyn

Vi fekk etter å ha bede om innsyn, tilsendt 21.02.2019 ein sterkt sladda søknad om driftskonsesjon frå Nordic Mining. Informasjon som var vesentleg for oss, for å vurdere og kunne kommentere søknaden, var unntatt innsyn, med grunngjeving i § 13 i forvaltingslova om teieplikt for informasjon som det er «*av konkurransemessig betydning å hemmeligholde*».

Vi meiner DMF har gått vesentleg ut over det reelle behovet når det er vurdert kva som kjem inn under informasjon som har heimel for unntak i fvl § 13. Ein må spesielt vurdere behovet for unntak opp mot behovet for at ålmenta skal få informasjon for å kunne delta i prosessen når det gjeld dei store miljøkonsekvensane som desse gruveplanane representerer, og den store offentlege debatten og konflikten som er rundt dette, både nasjonalt og internasjonalt.

**Med grunnlag i dette ankar vi avslaget, og ber primært om at heile søknaden blir tilgjengeleg, subsidiært med tillegg av slik informasjon som er lista opp i starten av pkt 2.**

#### 2. Krav om utlevering av miljøinformasjon med grunnlag i miljøinformasjonslova

Følgjande informasjon, som er vesentleg for oss, kom ikkje fram i det vi har fått tilsendt:

- Årleg mengde uttak av malm og samla uttak i driftsperioden og derav kva årleg og total mengde med gruveslam som er planlagt sleppt ut i Førdefjorden.
- Innhaldet av metall m.m. i slammet. Det ser ut til at ein skal ta ut meir granat enn opphavleg planlagt, noko som kan få følgjer for innhaldet av tungmetall som kopar m.m.
- Bruk av kjemikaliar, type, mengd og toksikologisk informasjon.
- Nedmalingsgrad. Det same som i opphavleg søknad, eller er den endra? (Dette kan påverka spreiring av partiklar og innhald av nanopartiklar).

- Forhold ved gråbergdeponiet, kor mykje er planlagt deponert årleg og vedrørande sprengstoffrestar og plastpartiklar, risiko for miljøskade ved avrenning.

### Miljøinformasjonslova gir utvida rett til innsyn

Miljøinformasjonslova skal sikre ålmenta utvida rett til innsyn i spørsmål om miljø. Som eit ledd i dette, gir lova ein utvida og absolutt rett til innsyn i vesentlege spørsmål om helse og miljø, utan rett til avslag. Dette skulle DMF ha teke med i vurderinga då vi kravde innsyn.

### Sterkt miljømessig omdiskutert prosjekt

Prosjektet til Nordic Mining er kontroversielt, grunna potensielt stor miljørisiko, det er store naturverdiar i fjordlandskapet og busetnad i fleire bygder som ligg nær det omsøkte tiltaket. Uavhengige faginstansar som Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet har frårådd utslipp i Førdefjorden, 60 selskap tilknytt fiskeri, sjømat og reiseliv i området har protestert mot planane, det har også Norges Fiskarlag, Sjømat Norge, NHO Reiseliv, Hovedorganisasjonen VIRKE, Norske Lakseelver, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Den Norske Turistforening, samt 34 internasjonale miljøorganisasjonar og ei rekkje norske miljøorganisasjonar. Naturvernforbundet har arbeidd med denne saka i 10 år.

Det knyter seg svært stor allmenn interesse til saka og vi finn at å tilbakehalde slik vesentleg informasjon som nemnd over, bryt med intensjonen i Miljøinformasjonslova:

*“Denne loven har til formål å sikre allmennheten tilgang til miljøinformasjon og derved gjøre det lettere for den enkelte å bidra til vern av miljøet, å verne seg selv mot helse- og miljøskade og å påvirke offentlige og private beslutningstakere i miljøspørsmål. Loven skal også fremme allmennhetens mulighet til å delta i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet.”*

Lova har unntaksvilkår, tilsvarende offentlegheitslova, men noko informasjon skal **alltid** bli utlevert:

#### «§ 12. Miljøinformasjon som alltid skal utleveres

Allmennheten skal uten hinder av reglene i § 11 alltid få informasjon om

- a) helseskadelig forurensning eller forurensning som kan forårsake alvorlig skade på miljøet,
- b) forholdsregler for å hindre eller redusere skade som nevnt i bokstav a, og
- c) ulovlige inngrep i eller ulovlige skader på miljøet.»

Vi viser vidare til § 17 om verksemder, som viser at uansett om det er eit offentleg organ eller ei bedrift som sit på informasjonen, så skal det som er nemnd i §12 bli utlevert. Dette er ei vesentleg understreking frå lovgivar om kor viktig det er at ålmenta skal ha rett til innsyn i miljøinformasjon:

«Kapittel 4. Miljøinformasjon om virksomhet (driftsforhold mv.)»

...

§ 17...

«2) Miljøinformasjon som er nevnt i § 12, skal alltid utleveres.»

Alt vi har nemnd i starten av pkt 2, er informasjon som skal bli utlevert, ifølgje § 12. Mengder, innhald etc av utslepp i fjorden og i deponi på land dreier seg om aktivitet som kan gje helseskade eller alvorleg miljøskade.

**Krav om utlevering med ein gong**

Miljøinformasjonslova set ein frist på 15 dagar for utlevering, og det har no gått langt over den fristen sidan vi sette fram krav om innsyn i starten av februar. Vi krev difor straks å få fullt innsyn i søknaden, som inneheld planar om aktivitet som er dekkja av denne formuleringa i lova: *«helseskadelig forurensning eller forurensning som kan forårsake alvorlig skade på miljøet.»*

Helsing

Mads Løkeland  
Naturvernforbundets gruveutval

Anne-Line Thingnes Førund  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og  
gruveutvalet